

Hovdebygda IL langrenn

Dekking av reise/kostnader i samband med skirenn/samlingar.

Når ein sit på med andre:

HIL langrenn råder alle som sit på med andre i samband med reiser til treningssamlingar, skirenn og andre idrettsreiser, å følgje desse reglane frå 20.11.2008:

Den som sit på, betalar til sjåføren når turen startar:

Kr. 60.- for reise innan Sunnmøre og i Nordfjord (t/r).

Kr. 100.- for reise til Molde, Isfjorden og elles innan Romsdal (220km til Molde t/r).

For reiser lenger enn til Molde, skal ein betale sjåføren antal km x 1,75kr/km delt på antal passasjerar i bilen.

Reglar for HIL Skigruppa si dekning av utgifter til løparar og leiarar, gjeldande frå 20.11.2008.

Påmeldingskontigent:

HIL langrenn dekker alle startkontigentar for påmelding til:

Alle skirenn med status kretsrenn eller høgare.

Alle terrengløp og landevegsløp, utanom løp i Ørsta og Volda.

Ferjeutgifter:

HIL langrenn dekker ferjeutgifter for:

Bil med løpar(ar)

Løparar

HIL langrenn sitt ferjekort skal helst nyttast, eller privat verdikort og refundert billett.

Reiseutgifter:

HIL langrenn dekker:

Opphaldskostnader for løparar ved KM, Midt norsk meisterskap, Ungdommens Holmenkollrenn, Vestlandsmeisterskap, Hovedlandsrenn, Norgescup, Landsrenn og Norgesmeisterskap.

Reiseutgifter for løparar ved KM, Midt norsk meisterskap, Ungdommens Holmenkollrenn, Vestlandsmeisterskap, Hovedlandsrenn, Norgescup, Landsrenn og Norgesmeisterskap. Reiseutgifter vil vere, reise med fly, tog, buss, ferje, tunnelar, bompengar, privatbil. Dersom ein nyttar privatbil skal ein nytte kr. 1,75 pr. km.

HIL langrenn dekker ikkje utgifter for leiarar.

Dersom foreldre som er leiar for ein HIL løpar, tek på seg å vere leiar for andre løparar enn sin eigen løpar, må føresette vere med å dekke reise- og opphaldsutgifter for leiaren.

Dersom MRSK organiserer opphaldet, så nyttar ein dette tilbudet så langt råd er.

Kr. 1,75 pr. km for køyring med eigen bil, full dekning av bussutgifter/ferjeutgifter til kurs/møte i Møre og Romsdal skikrets.

Andre utgifter:

Leiarar, trenarar, løparar kan søkje styret om dekking av andre utgifter i samband med møter, trenarkurs, idrettsarrangement.

Løparar og leiarar skal så langt det er råd, prøve å gjere reisene rimelege. Alle kvitteringar for startkontigent, ferjeutgifter, reiseutgifter og andre utgifter skal attesterast av leiaren, og leverast kasserar så snart det er råd.

Styret tek attarhald om at utbetaling må vente, dersom det i ei periode er for lite pengar på HIL langrenn sin konto.

Reglane er vedtekne på styremøte i Hovdebygda IL langrenn, den 20.11.2008.

Styret Hovdebygda IL langrenn

*Vedteke på nytt
årsmøte HIL-ski 24.02.2014*